



**No er det eksakt 5 år sidan Hobbyklubben vart starta i bedehuset og Uskedalspostens første nummer kom ut.**

**som eit direkte resultat av klubbverksemda.**

**Uskedalspostens utgåve nummer 17 har vore i sal nokre veker og salet går svært godt.**

**Og i kveld var det juleavslutning i klubben, med andakt og servering av graut, brus og kaffe.**

Leiaren av Hobbyklubben, Tore Mathiesen, skriv i Uskedalsposten at ein med kombinasjonen av unge journalistar og mer erfarne skribentar har klart å lage ei unik avis. Inntektene frå avisa gjer det mogeleg å driva med aktivitetane i klubben som har vore desse: Bil, fly, avis, elektronikk, matlaging, film, foto og hobby.

Leiarane i gruppene har alle hatt erfaring frå dei aktivitetar dei har leia. Det har vore eit variert tilbod innan fart, spenning og kreativitet. Sidan klubben starta har det vore i snitt 25-30 betalende medlemmer og aldersgruppa er frå 5. Klasse og oppover.

Over har Joakim Myklebust fått kveldens heldiggris av Tore Mathiesen etter å ha ete mandelen i grauten og under er bingoen i full gang..

(Foto: Ola Matti Mathisen)

